



Den store Streetparaden var verkeleg ei oppleving. (Foto: Thor Inge Døsland)

Brazzoka imponerte stort under årets Sildajazz i Haugesund.

Både under Streetparaden gjennom Haraldsgata og på scena på Indre kai vanka det bravorop til dei 9 ungdomane frå Kvinnherad og Stord, skriv Grenda i dag, under oppslaget TOK SILDAJZZEN MED STORM.

3 i bandet er frå Uskedalen. Her er eit utdrag av Grenda sitt referat:



Foreldre og bandmedlemmer kosar seg med kaffi og bollar før bandet skal i aksjon. (Foto: Thor Inge Døssland)

- Det går ikkje an. Dei spelar jo som profesjonelle, utbraut ein publikummar.

Brazzooka var det desidert yngste bandet under Sildajazzen, men midt blant røynde musikarar frå heile verda deltok bandet i paraden på ein måte som ikkje på noko vis bar preg av at dette var fyrste gongen på eit så stort arrangement.

Og allereie frå første tonen på scenen kunne ein merka at det store publikummet vart tekne på senga. Ingen av dei mange hundre frammøtte var førebudde på at ungdomane i Brazzooka kom til å levera ein halvtimes konsert med eit slikt trøkk, musikalitet og ikkje minst publikumstekke. Applaus og hurrarop berre auka etter kvart som nummer etter nummer vart framført frå denne unike gjengen.

- Kvar har dei fått opplæring, kor lenge har dei spela i lag, kor kjem dei frå, var spørsmåla som surra rundt blant publikum. Når det etterkvart kom fram at Brazzooka var meir eller mindre tilfeldig samansett av ein gjeng ungdomar med opphav frå Langeland, Uskedalen og Rosendal skulekorps, såg ein av publikum bladfyken djupt inn i augo og sa: -Det går ikkje an, det er ikkje til å tru, dei spelar jo som profesjonelle!

Brazzooka var den einaste gruppa med ei besetning der ein av musikarane var ei jente, Elisabeth N. Fylkesnes frå Stord. Ho synest det er kjempekjekt å spela i bandet og at det er 'sinnsjukt stort' å få vera med på noko så stort som Sildajazz. Ikkje berre var dei to konsertane med så mykje publikum kjekke, men å få vera med på Streetparaden og spela i lag med alle dei profesjonelle musikarane var topp, seier Elisabeth.

Foreldra til musikarane gjorde ein viktig del av jobben. Neste oppdrag er Fitjardagane der dei laurdag skal vera oppvarmingsband for Dance with a stranger!.



Det nye Brazzooka-banneret sponsa av Fylkesnes Bil kom til sin rett. (Foto: Thor Inge Døssland)